



Løva Lukas og toget







Tekst og illustrasjonar: Carin Pettersson / Jernbaneverket


Til nynorsk: Randi Folke-Olsen / Jernbaneverket

Gjeve ut av Jernbaneverket, 2013


Løva Lukas er lokomotivfører.



Han kører toget.



Lukas er svært glad i å køyre tog.
Han vil at du skal vere med på tur.



Lukas og toget hentar deg på togstasjonen.
Hugs at stasjonen ikkje er ein leikeplass. Her kan mykje farleg skje.




Lukas vil at du skal vente på toget bakom den gule lina. Det er sikrast å halde ein vaksen i handa.


Lukas vil at du skal vente med å gå fram til toget til det står heilt i ro.






Lukas er ei stor og modig løve. Han er ven med alle.








Det einaste som gjer
Lukas skikkeleg redd...




... er mennesker som ikkje passar seg for toget!
Toget er stort og tungt. Toget kan ikkje stoppe for deg.





Men toget...





Toget kan ikkje svinge unna. Toget må følgje sporet.

Dersom du vil gjere Lukas glad...







... ver forsiktig! Vent bakom bommen. Toget kjem fort og stille.



Stopp, sjå og lytt etter tog før du går over sporet.
Hugs å sjå til begge sider før du går.



Ver forsiktig! Da blir Løva Lukas og alle vennene hans svært glade!



Trygg med tog: vi vil at alle skal ha eit godt forhold til jernbanen!

Vi håpar at «Løva Lukas» inspirerer deg til å snakke med alle du er glad i om tryggleik ved jernbanen. Det er ikkje berre viktig å snakke med born, men også med ungdom og andre vaksne fordi vi alle er rollemodellar

Stille tog

Toga går i dag fortare og stillare enn nokon gong tidlegare. Eit tog kan ha ei fart på 210 km/t, og det er ikkje sikkert at du høyrer det kome.

- Eit tog kan ikkje svinge unna eller bremse på same måten som ein bil. Sjølv om lokomotivføraren ser deg, er det særst lite han får gjort dersom du plutseleg er i jernbanesporet.
- Eit tog kan ha ei nedbremsingslengd på opp til 1 km. Den einaste staden du har lov å krysse togsporet er på ein planovergang, men også her må du vere merksam.
- Å krysse togsporet på andre stader enn på ein planovergang er ulovleg – og farleg.

Høyretelefonar utgjer ein risk

Det er trygt å reise med tog, men vi opplever alt for ofte at born og ungdom er involvert i farlege situasjonar på og ved norske togspor.

- Vi har den siste tida sett ei auke i farlege situasjonar der personar har brukt høyretelefonar, slik at dei korkje høyrer varsla frå toga eller bjøllene ved planovergangen.
- Lyd på øyret utgjer ein risk. Vi ber alle om å vere merksame i trafikken.

Jernbanen har ei samfunnsoppgåve: Den gjer det mogleg for tusenvis av menneske å reise mellom arbeid, skule, heimstad og bysentrum og det er ein miljøvenleg måte å reise på. Jernbanen fraktar tusenvis av tonn med gods kvart år. Eitt godstog kan transportere same mengd gods som 24 fullasta vogntog på vegen.

Vi ynskjer at alle skal ha eit godt og trygt forhold til jernbanen. For din og andre sin tryggleik ber vi deg om å respektere alle tryggingstiltaka vi har gjort. Dei reddar liv!

Med venleg helsing
Jernbaneverket





Jernbaneverket